
Vår referanse 2021/48129-3
Dato 26.10.2021

MARIA SEILFALDET PLETTEN
SLETTEVEGEN 675
5939 SLETTA

Svar - søknad om endra bruk av avkøyrsløye - gnr 497 bnr 3 - fv 565 Slettevegen - Alver kommune

Vi viser til søknad av 20.09.2021.

Saka gjeld

Saka gjeld søknad om endra bruk av avkøyrsløye knytt til eigedom gnr. 497 bnr. 3. Bakgrunnen for dette er frådelling av tunet med bygningar og sal av resten av eigedomen sitt landbruksareal til eit bruk i drift. Vi vurderer det slik at teigen med tunet og bygningar har avkøyrsløye i dag. Det er tilkomsten til landbruksarealet som skal delast frå som treng eit avkøyrsløye.

Etter at frådellinga er gjennomført vil teigen med tunet og bygningar framleis bli nytta som fritidsbustad. Men fordi tilkomsten til landbrukseigedomen må gå via tunet der dei har tilkomst i dag, må den frådelt teigen med landbruksareal ha eige avkøyrsløye. Eigedomen er ikkje regulert i reguleringsplan, men avsett til LNF i kommuneplanens arealdel.

Vedtak

Med heimel i veglova § 40 og § 43 gir vi løyve til endra bruk av avkøyrsløye frå fylkesveg 565 Slettevegen til eigedom gnr. 497 bnr. 3 i Alver kommune.

Avkøyrsla er ikkje lovleg før den er endeleg godkjent av Vestland fylkeskommune.

Løyvet blir gitt i samsvar med *forskrift om alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkøyrsløyer fra offentlig veg frå Vegdirektoratet 16.7.1964 og forskrift om retningslinjer for behandling av avkjørselssaker for riksveg frå Samferdselsdepartementet 26.2.1982.*

Vilkår for løyvet

1. Avkøyrsla skal vera plassert i samsvar med situasjonsplan, datert 20.09.2021. I tillegg skal ein følgje *Krav til utforming av avkøyrsløyer*, som ligg ved.
2. Løyvet gjeld tilkomst til frådelt landbruksareal.
3. Det må vere opparbeidd snuplass på eigen grunn, slik at det ikkje blir nødvendig å snu på offentlig veg.
4. Løyvet gjeld berre tilknytingspunktet til fylkesvegen. Søkar må sjølv sørge for å ha nødvendig vegrett og må sjølv avklare eigedomstilhøva og innhente dei nødvendige rettane som gjeld bruk og opparbeiding av avkøyrsløye, frisisiktsoner og tilkomstveg. Desse rettane bør ein tinglyse.
5. For å innfri siktkravet må hekken som står i siktsona som vist i vedlagt kravskisse, klippast ned slik at den ikkje er høgare enn 0,5 meter over vegbana.
6. Arbeidet må være starta opp innan tre - 3 - år etter at løyvet er gitt, om ikkje fell løyvet bort.

7. Så snart avkøyrsla er ferdig bygd, må det vedlagde skjemaet *Melding om opparbeidd avkøyrsla* underskrivast og sendast i retur saman med bilete for endeleg godkjenning.

Eigaren eller brukaren av avkøyrsla har sjølv ansvaret for at vedlagt *Krav til utforming av avkøyrsla* til ei kvar tid er oppfylt, mellom anna krav til frisikt (jf. veglova § 43). Dersom krava ikkje er oppfylte, kan Vestland fylkeskommune trekkje tilbake løyvet.

I denne saka er krav til frisikt 4*45 meter. Dette vil seie at ein frå eit punkt 4 meter inn i avkøyrsla skal kunne ha frisikt 45 meter til både høgre og venstre ut på fylkesvegen.

Bakgrunnen for vedtaket

Vestland fylkeskommune skal i vurderinga leggje vekt på framkomst og trafikktryggleik på vegen det er søkt om avkøyrsla frå.

Fartsgrensa på staden er 50 km/t og den gjennomsnittlege årsdøgntrafikken (ÅDT) er 950. Vegstrekket er kategorisert til streng haldningsklasse i rammeplan for avkøyrsla.

Vestland fylkeskommune har etter ei heilskapleg vurdering funne å kunne gje løyve til endra bruk av avkøyrsla knytt til eigedom gnr. 497 bnr. 3 med krav stadfesta i dette brevet. Vi minner om at avkøyrsla ikkje er endeleg godkjent eller klar til å nyttast, sjå punkt 6 ovanfor.

Rett til å klage

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova § 28. Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet «*Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak*». Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart motteke. Klageinstansen er Klagenemnda for Vestland fylkeskommune. Send klagen til Vestland fylkeskommune, post@vlfk.no eller Postboks 7900, 5020 BERGEN. Klagen vil bli sendt vidare til klageinstansen.

Du har rett til å gjere deg kjent med saka sine dokument, jf. forvaltningslova § 18.

Melding om opparbeidd avkøyrsla:

Når de har rydda i siktsona slik det står i vilkåra i dette vedtaket, må de sende oss ei melding slik at vi kan kome på synfaring for å gje endeleg godkjenning. Dersom de sender oss bilde frå staden, kan vi vurdere om vi kan godkjenne ut frå bilda. Dette vil gjere at vi kan godkjenne avkøyrsla tidlegare fordi vi slepp å køyre ut på synfaring.

Med helsing

Kari Elster Moen
senioringeniør

Sara Nordahl
rådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 situasjonsplan_avkjørsle.pdf
- 2 Melding om opparbeidd avkøyrsla
- 3 Krav til utforming av avkøyrsla

Kopi til:

ALVER Postboks 4
KOMMUNE

Jostein Instebo Slettevegen 690